



FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET

Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

2019/1247 - 30895/2019

Saksb. – tlf.

Kari Blindheim - 55097344

Dato

30.09.2019

Innspel til høyring om nasjonal ramme for utbygging av vindkraft

Bakgrunn

Olje- og energidepartementet gav i brev av 9. februar 2017 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å lage eit forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. NVE sitt forslag er no tilgjengeleg i form av ein rapport datert 1. april 2019. Forslaget inneheld ifølge NVE eit samla kunnskapsgrunnlag om verknadene av vindkraft på land, samt eit kart med forslag til det NVE meiner er dei mest egna områda for lokalisering av ny vindkraft.

Olje- og energidepartementet har i brev av 1. april 2019 bede om innspel frå kommunar og andre partar til NVE sitt utkast til «Nasjonal ramme for vindkraft på land».

Fjell kommune ligg utanfor dei områda som i utkastet til nasjonal ramme er foreslegne til lokalisering av vindkraft. Det går fram av rapporten at NVE ikkje ser bort i frå at andre område kan kome inn i den nasjonale ramma seinare, anten som følgje av innspel i høyringsrunden eller som følgje av at vurderingar kan verte endra framover. Det er difor etter Fjell kommune sitt syn, viktig at kommunen gjev innspel i høyringa.

Om oppdraget til NVE

Fjell kommune ser positivt på at det vert arbeida med å utvikle fornybare energikjelder i kommunane. Det er likevel ein veikskap ved oppdraget til NVE at dei har sett på vindkraft på land isolert heller enn å samanlikne ulike alternativ for fornybar energi (f.eks. havvind, bølgekraft, solenergi). Ved kunn å sjå på vindkraft på land går ein glipp av mogelegheita til å vurdere samla energiforsyning og korleis den best kan utviklast for framtida. Mange vindkraftprosjekt er/har vore omstridt mellom anna på grunn av lokale verknader på miljø og landskap. Det er mogeleg at andre alternativ for fornybar energi kunne ha vore meir energi- og kostnadseffektive, samt ha mindre uheldige verknader lokalt.

Om kunnskapsgrunnlaget

Ein annan mangel ved utkastet til nasjonal ramme for vindkraft er at det i liten grad er henta inn ny kunnskap. Oppdraget til NVE var mellom anna å *«levere et oppdatert kunnskapsgrunnlag om miljø- og samfunnsvirkninger ved vindkraftutbygging»*. Av rapporten går det fram at *«NVEs forslag til nasjonal ramme er (...) i all hovedsak basert på eksisterende kunnskap»*.

Om konkrete felt kor ein manglar kunnskap seier NVE mellom anna at *«Det foreligger lite kunnskap om de store fugletrekkene i Norge. Kartlegging av disse trekkene kan være relevant med tanke på både virkninger for vindkraft og den generelle fugleforvaltningen.»* Fjell kommunen har notert seg at Miljødirektoratet vurderer *«konfliktbildet for fugl som generelt høyt ved utbygging av vindkraftverk.»* Fjell kommune har kystnære naturområde som er viktige for fugl, både lokale raudlisteartar og trekkfugl. Kommunen er einig i at det er behov for meir kunnskap mellom anna om fugletrekk for å kunne ta omsyn til desse i vindkraftsaker.

Hordaland og nye Vestland har mykje relativt intakt natur som vil kunne verte oppstykkja ved utbygging av vindkraft på land. Miljødirektoratet peiker i rapporten på at ein i dag ikke har god nok kunnskap om funksjonane som desse områda har for dyr og menneske. Utbygging av vindkraft med den anleggsverksemda som følger med dette, vil føre til betydelege tap av urørt natur. Etter Fjell kommune si vurdering bør ein ha meir kunnskap om desse verknadene for å kunne ta stilling til hvilke område som er mest eigna for utbygging av vindkraft.

Det er bygd ut ein god del vindkraft i norske kommunar dei siste åra. Det burde derfor vore mogeleg å hente inn ny kunnskap frå nyleg gjennomførte og vindkraftprosjekt som er under etablering i kommunane. Ved å sjå på erfaringar frå desse prosjekta kunne ein fått meir oppdatert kunnskap om viktige verknader for lokalt naturmangfald, friluftsliv, landskap, naboar m.m.

Om kystlynghei

Fjell kommune har betydelege område med kystlynghei som er ein viktig type landskap med mellom anna mange artar som står på den norske raudlista for artar. I utkastet til nasjonal ramme står det om kystlynghei at *«Denne naturtypen er sterkt truet. Innenfor referanseområdene for kystlynghei kan virkninger for disse områdene alene være grunnlag for å avslå konsesjonssøknader om å bygge vindkraftverk.»*

Fjell kommune ser positivt på at NVE har teke omsyn til kystlynghei som ein viktig naturtype ved utarbeidinga av den nasjonale ramma for lokalisering av nye vindkraftanlegg.

Om lokale verknader av vindkraft og lokal medverknad

NVE slår i utkastet til nasjonal ramme fast at *«De konkrete virkningene av vindkraftverk for miljø- og samfunnsinteresser avhenger i stor grad av lokale forhold.»* NVE skriv vidare at *«De faktiske konsekvensene avhenger av lokale forhold og vil variere fra sak til sak.»*

På grunn av at verknadene for miljø- og samfunnsinteresser i stor grad er lokale, meiner Fjell kommune at kommunane må få ei avgjerande rolle i sakshandsaming av nye vindkraftprosjekt. Fjell kommune viser i den samanheng til pressemelding om vindkraft frå Kommunenes Sentralforbund som vart publisert i samband med fagseminar 22 august 2019, kor det står at:

«Den siste tiden har vi sett en økende misnøye med manglende regional og kommunal medvirkning i vindkraftsaker.(...) vi (...) må se grunnleggende på hele systemet for tildeling av vindkraftkonsesjoner.»

«Avveininger som gjelder om og eventuelt hvor vindkraftutbygginger skal gjennomføres, innebærer alltid skjønn. Slike vurderinger må være gjenstand for politisk behandling – ikke

minst lokalt. NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land kan derfor ikke være styrende for hvor vindkraftanlegg skal bygges og ikke (...).»

«Energiloven, konsesjonsprosessen, utbyggingsplanleggingen og forslaget til nasjonal ramme for vindkraft på land gir ikke grunnlag for et godt system for å ivareta lokalbefolkning og kommunesektorens behov i vindkraftsaker. Lovverket må endres slik at kommuner og fylkeskommuner får en sentral rolle i saksbehandlingen. Hensyn knyttet til demokrati, helhetlig planlegging og fornuftig naturressursforvaltning krever at vi utvikler et nytt og bedre system for behandling av vindkraftsaker. Kommunene må kunne si ja eller nei til aktuelle prosjekter (...).»

Fjell kommune meiner at ved å gje kommunane ein sentral rolle i sakshandsaminga av nye vindkraftanlegg slik Kommunenes Sentralforbund foreslår, vil ein få betre medverknad frå lokale aktørar og i større grad få fram dei lokale verknadene av vindkraftprosjekt. Dette er etter Kommunen si meining naudsynt for å sikre rett avgjerd i saker som har så stor betydning for natur og landskap som vindkraftsakene har. Det bør difor vere eit krav at kommunane må støtte utbygginga av vindkraft i sine område for at ein skal kunne gå vidare med prosjekta.

Med helsing

Hanna Gjesdal
Konst. Plan- og utbyggingssjef

Kari Blindheim
Miljørådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
FYLKESMANNEN I VESTLAND Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER